

# Loppemarknad i Aktivitetshuset, Uskedalen



## Laurdag 26. februar



**11:00 - 15:00**

*Arranger: LIONS CLUB KVINNHERAD*

## Har du lopper?

*Har du problem med at skuffer og skap er overfylte?*

*Vi har løysinga:*

*Gje noko av dette til oss og du gjev til eit godt føremål.*

*Fleire kan bruka det du ikkje treng!*

**Vi tek imot:**

*Småmøblar - sportsutstyr - sykklar - bøker -  
mindre elektriske effektar - leikar - koppar og kar m.m.*

*Lopper kan leverast:*

*laurdag 19. febr. frå kl 10-12.00*

*i Gamle Senter-garasjen Husnes eller Gamleskulen, Uskedalen.*

*Vi tek og imot "loppar" fredag 25. febr i Aktivitetshuset Uskedalen  
mellom kl. 16.00 og 18.00.*

**Vi kan og henta heime hos deg, ring ein av oss:**

*Agnar Melkersen, Husnes tlf 95831997*

*Håkon Røssland, Husnes, tlf 99042344*

*Harald Hjønevåg, Uskedalen tlf 90277938*

*Knut Langesæter, Rosendal, tlf 99575093/53481086*

*Thorleif J. Hellesøy, Løfallstrand, tlf 90580795*

*Vonar at du kan hjelpa med "loppesankinga"  
og **VEL MØTT** på marknaden!*

*Med helsing **LIONS Kvinnherad***

*VI ER 12500 SOM JOBBAR FOR LIONS NORGE. BERRE 4 FÅR BETALT. les mer på baksiden*

*... >>>>>>>>>>*

Plakatar om loppemarknaden blir no slått opp i kommunen. Ein kan lesa han ved å klikka på han.

**Loppemarknaden til Lions Kvinnherad i Aktivitetshuset i Uskedalen blir ikkje laurdag 19. februar som vi har kunngjort før, men laurdag 26. februar. Det opplyser president Kjell Borge Olsen og kasserar Gianni Rebaudo til uskedalen.no. Dei har no kome eit godt steg vidare med planleggjinga og kan også opplysa at innlevering av lopper kan skje laurdag 19. februar og dagen før marknaden. Loppene kan også hentast.**

Som døme på kva som er lopper nemner dei småmøblar, sportsutstyr, sykklar, bøker, mindre elektriske effektar, leikar, koppar og kar. Når det gjeld føremål har ikkje Lions så langt blinka ut noko bestemt, men det er klart at også tiltak i nærområdet vil bli tilgodesett.

Av nasjonale prosjekt som Lions støttar kan nemnast rehabiliteringssenteret for rusmisbrukarar i Bergen og førarhundskulen i Oslo. Det dei får inn på loppemarknaden vil bli fordelt etterpå - etter søknad. Internasjonalt kan nemnast byggjing av augeklinikkar i Afrika og vassprosjekt i den samme verdsdelen. Ordninga med fadderbarn er eit ytterlegare døme.

Ved å støtta Lions er ein sikra mot å støtta administrasjon. Av dei 12.500 som er engasjert i organisasjonen her i landet får berre 4 betalt. Alt som samlast inn går uavkorta til hjelp for andre.

Av Ola Matti Mathisen